



Åsane Byggmesterforretning AS
Postboks 234 Ulset
5873 BERGEN

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/2336 - 18/12503

Saksbehandlar:

Stian Marøy

Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:

29.08.2018

Byggesak Gbnr 45/127 Manger - toalett - ferdigattest

Delegasjonssak nr.: 212/2018

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar /tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.12.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.08.2018.

Skildring

Adresse:	Prestmarkvegen
Bygningstiltak:	Toalettbygning
Bygningsnummer:	Toalettbygningen er totalt på 6,5 m ² , og vert av den grunn ikkje ført med bygningsnummer i matrikkelen. Jf. matrikkelforskriften §60 3.ledd «Kommunen avgjør om bygning eller del av bygning med bebygd areal eller samlet bruksareal som er 15 m ² eller mindre, skal registreres med eget bygningsnummer.»
Bruksareal:	6,5 m ²
Avlaup:	Offentleg vatn
Vatn:	Offentleg avlaup

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for universelt utforma toalettbygning på gnr. 45, bnr. 127.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Radøy kommune v/teknisk drift

Mottakere:

Åsane Byggmesterforretning AS

Postboks 234
Ulset

5873

BERGEN